


15 JUN 2018



# VOSSA JAZZ

ÅRSMELDING

**2017**

7. – 9. april




**Vossa Jazz vart skipa til i palmehelga for 44. gong.** I løpet av festivalen fann vel 50 tilskipingar stad der i alt 42 band medverka. 177 profesjonelle musikarar pluss over 100 born, gjennom deltaking i dei ulike konsertane på Badnajazz, sytte for store musikalske opplevingar frå 17 ulike scenar, både inne og ute. Med godt besøk på gratiskonsertar, gjester, akkreditert presse, musikarar og medarbeidrarar hadde festivalen total rundt 16 600 konsertbesøk. 254 medarbeidrarar sytte for at gjennomføringa av Vossa Jazz gjekk etter planen.

*Some places punch above their weight. Voss is one.. Vossajazz, an outstanding international music festival that offers so much more than its simple name implies. ... in short, Vossajazz 2017 delivered a large musical menu that featured numerous highlights. With concerts in different venues overlapping—in a program that ran from ten in the morning until the wee hours of the following day—a few difficult choices had to be made, but it was, as the saying goes, a nice problem to have.*

IAN PATTERSON, ALL ABOUT JAZZ



Erlend O. Nødtvedt



Busi Ncube

### Nyskapande

Vossa Jazz sin profil femner om jazz, folkemusikk og verdsmusikk. Festivalen skal vera nyskapande og gje publikum nye musikalske opplevingar. For tiande året på rad opna festivalen med nyskriven poesi. I år var det Erlend O. Nødtvedt som stod for opninga.



Susanna

### Tingingsverket

Sentralt under festivalen stod som alltid Tingingsverket. Det 36. verket hadde tittelen Garden of Earthly Delights og var komponert av Susanna. Ho sette saman eit nytt band for høvet, og i tillegg til Susanna sjølv (vokal, flygel, elektronikk) var Ida Løvli Hidle (akkordeon) Natali A. Garner (vokal, elektronikk), Stina Moltu (vokal, elektronikk, gitar), Ina Sagstuen (vokal, elektronikk, keyboard), Kristina Ringvold (lyddesign) og Silje Grimstad (lysdesign) med. Verket fekk komponiststønad frå Norsk kulturråd.

*Kick på bestilling. Bestillingsverkene på Vossa Jazz har gjort norsk musikk høyere, bredere og bedre.*

KULTURREDAKTØR FRODE BJERKESTRAND, BERGENS TIDENDE

### Nye produksjonar i 2017:

- Susanna & the Brotherhood of our Lady:  
Tingingsverket, Garden of Earthly Delights
- Terje Isungset:  
Sildrande
- Kjetil Møster: Møster!  
med Ståle Storløkken, Helge Nordbakken  
og Jørgen Træen
- Significant Time:  
Vossastubbar
- Mambokameratane  
med Badnajazzkoret og ungdom frå Voss
- Busi Ncube: Usiko, bestilt av  
Global Oslo Music, urframført på Vossa Jazz



Kjetil Møster



Terje Isungset

## Scener

Park Hotel Vossevangen husar fire scener med mellom anna den største scena, Vossasalen. Gamlekinoen er både scene og samlingspunkt med konsertar inne i salen og i foajeen og servering inne og ute. Osasalen, Vangskyrkja og torget i sentrum er også faste arenaer.

*Vossa Jazz er heilt eineståande i så måte. Eg kjenner ingen annan festival, og då snakkar me på verdsbasis, som satsar så mykje på nyskriven musikk... Nei, det er heilt, heilt eineståande at ein festival satsar så mykje, både økonomisk, logistikkmessig og kunstnarleg på å lata musikarar få høve til å arbeida på denne måten. Det trur eg svært få er klar over, eller forstår kor viktig det er.*

TERJE ISUNGSET

## Tilbod for alle

Vossa Jazz skal gje musikalske opplevingar utanom det vanlege, for alle, og laurdag føremiddag var det Superjazz for sjuande året på rad. Målgruppa er personar med funksjonshemminger. Denne gongen var det Lars Kolstad à la Trommelars som holdt musikalsk verkstad og konsert saman med deltararane. For ungdomen var det konsert med Jazzlinja i Trondheim med prosjektet Lykkehjulet. For tiande gong inviterte me elevar frå ulike skular til å vera publikum. I tillegg hadde Ida Habbestad og Grethe Melby kritikkurs for elevane ved musikklinja på Voss Gymnas. Laurdag ettermiddag var det solokonsert med Sondre Lerche, dette var ein konsert som elevar ved musikklinja ved Voss Gymnas hadde ansvar for. Me har samarbeidd med dei i eitt år for å engasjera ungdom i bygda både som publikum og arrangør. Festivalen hadde òg eit godt samarbeid med Voss Folkehøgskule og musikklinja der. Elevane var med både som medarbeidarar under festivalen og hadde sjølv stuntkonsertar rundt i bygda fredag og laurdag. Arbeidet med å engasjera og inkludera ungdom vil me sjølv sagt halda fram med, dette er ei satsing for Vossa Jazz, og me ser at målretta arbeid gjev resultat.

**Eldrejazz** er ein institusjon i festivalen, og me held på suksessen frå i fjor med turné slik at musikken når ut til fleire. Mads Bervens Gamleskulen spelte tre konsertar på rappen.

Vossa Jazz er ein inkluderande festival, og me ynskjer å jobba for at alle kan vera med som publikum eller medarbeidar. I 2017 auka me aktiviteten med å invitera med busette flyktningar på Voss, i samarbeid med Røde Kors og vaksenopplæringsa. Dette resulterte i om lag 20 medarbeidarar med flyktningbakgrunn.



Badnajazzkoret

**Badnajazz** har sidan 2000 skipa til konsertar og verkstader for, av og med born. På årets meny stod konsert med Pasborg og Jobarteh fredag, og laurdag starta med parade der Per Olav Kaldestad tok over stafettpinnen i biblioteket hjå Voss kulturhus. Kaldestad var årets festivalforfattar på den nynorske barnebokfestivalen Falturiltu på Stord. I kultursalen var det konsert med Annlaug Børsheim sitt folk-/visemusikk-prosjekt Morgonfrosken, basert på same Kaldestad si bok Når Morgonfrosken syng. Solfrid Molland (vokal, trekkspel) og Lars Tormod Jenset (kontrabass) framførte Musikken er mitt heimland, eit musikalsk møte mellom Noreg og Romania. Sundag fann nok ei nyskaping stad; Tingingsverket til Badnajazz var i år under Kåre Kolve si hand. Bandet Mambo Compañeros, Badnajazzkoret og born og unge frå Voss Skulemusikk og Voss kulturskule utgjorde Mambokameratane. Totalt deltok om lag 50 born! Ein kan absolutt slå fast at denne konserten var for, av og med born.

### Festivalkunst

I samarbeid med Voss Kunstlag og Vekselbanken valde me festivalkunstnar mellom masterstudentane på Kunst- og Designhøgskolen i Bergen. Årets utstilling var den sjette og siste i dette gode samarbeidet. Tatiana Stadnichenko var årets kunstnar, og ho presenterte Shifting Ground som var ei video- og lydbasert utstilling som handla om korleis det moderne bylandskapet formar vår identitet i ei tid prega av globalisering, innvandring og kulturell utveksling.

### Seminaret Vossakveik

vart skipa til i Gamlekinoen torsdag før Vossa Jazz. Tema var Voss – bygd for delte opplevingar? Med fokus på den digitale framtidia var det store spørsmålet om Vossabygda kan klara å bli verdsmeister i å dela? Christine Korme (Abelia) snakka om å Dele eller kvele, Agnes Vevle Tvinneireim (Bærekraftig liv på Landås) snakka om korleis ein kan gje kvarandre eit begeistra spark for å nytta digitale plattformar til å skapa kontakt og kreative lokalsamfunn, Christer Hansen Eriksen fortalte om Leeting.no og Arne Hjeltnes leia det heile med gode kommentarar og innlegg undervegs. Musikalsk innslag fekk me servert av årets Tingingsverkkomponist, Susanna.

### Prisar

Kvart år deler Vossa Jazz og Hordaland fylkeskommune ut Vossa Jazz-prisen, som skal gå til den musikaren i fylket som har gjort seg mest bemerkja gjennom året. Fylkeskommunen hadde i år auka prisen til 50 000 kr, og den 30. prisen i rekka gjekk til Hans Petter Gundersen for hans lange innsats for musikken som musikar, komponist og produsent. Badnajazz-prisen vart ikkje delt ut i år.

### Presse

Vossa Jazz 2017 hadde 32 presseakkrediterte, fem av desse var utanlandske. Det var svært god dekning i BA, BT og avis Hordaland. NRK Hordaland hadde direktesending frå festivalen på fredag, og NRK P2 tok opp Tingingsverket. Andre media som dekka festivalen var Dagsavisen, All About Jazz, DownBeat, Jazznytt, Ballade og [www.saltpeanuts.eu](http://www.saltpeanuts.eu).

### Vossa Jazz gjennom året

Badnajazzkoret øver ein gong i veka i haust- og vårsemesteret. Over 40 born har vore med. Borna har opptrødd på Amfi og Vetleflaten omsorgssenter og på Jolajazz saman med prosjektet Hei kalas! leia av Heidi Marie Vestheim. På kvelden 5. joledag sytte Trøen/Arnesen kvartett, Microbandet, ReHarvest, Voss storband med gjester og DJ Finborud for at Jolajazz vart ein musikalsk og sosial suksess.

### Økonomi – offentlege tilskot

Festivalen fekk kr. 1 250 000 frå Norsk kulturråd, kr. 348 000 frå Hordaland fylkeskommune (pluss kr. 50 000 til Vossa Jazz-prisen) og kr. 325 000 frå Voss kommune i driftstilskot. I tillegg fekk me komponiststønad frå Norsk Kulturråd og Det Norske komponistfond.

### Styremedlemmer 2016/2017

Kathrine Løno Lahlum (leiar), Magne J. Kalstad (nestleiar), Are Mossefinn Sandvik, Mads A. Indrehus, Hilde Magnusson, Berit Reppen Lorentzen (1. vara), Kari Høyland (2. vara), Anders Ullestад (3. vara).

### Festivalråd 2017-festivalen

Are Mossefinn Sandvik (leiar), Kari Høyland, Berit Reppen Lorentzen, Terje Støve, Silje Svartveit, Svein Støve, Ingrid Nestås Mathisen og Lars Finborud.

### Administrasjon

Kari Trana har vore tilsett i 90 % stilling som marknads- og organisasjonskonsulent, Trude Storheim har vore tilsett som dagleg leiar i 100 % stilling.

### Kort oppsummering av verksemda Vossa Jazz

Vossa Jazz skal ha som føremål å stimulera interessa for jazz og nærliggjande musikkformer, både for tilhørarar og musikarar. Vossa Jazz skal i særleg grad stimulera til nyskaping og utvikling av nemnde kunstområde. Hovudverksemda skal vera å skipa til ein årleg jazzfestival på Voss. Vossa Jazz kan òg engasjera seg i kunstproduksjon og -formidling gjennom året. Vossa Jazz skal gjennom sitt virke freista å fungera som eit alternativ til den einsidige kommersielle kulturspretinga. Vossa Jazz har hatt utviklingsaktivitetar i 2017 og sytt for at det til festivalen vert skapt ny musikk og spanande tilskipingar. Me har tilbod for born og unge gjennom året.

Vossa Jazz er lokalisert på Voss, og i 2017 flytta me inn i eigne lokale i Vangsgata 6. Mykje av hausten gjekk med til oppussing og flytting. Omsetninga var i 2017 på 5 844 497. Årsresultatet syner eit overskot på kr 97 994. Eigenkapitalen per 31.12.2017 er på kr 969 017.


Årsrekneskapen for 2017 er sett opp under føresetnad om framleis drift. Det vert med dette stadfesta at føresetnad om framleis drift er til stades.

Styret meiner at arbeidsmiljøet er tilfredsstillande, det har ikkje vore skader eller ulykke i 2017. Vossa Jazz har to tilsette, begge kvinner. Styret med varamedlemmer består av fire kvinner og fire menn. Vossa Jazz handsamar kvinner og menn likt.


Vossa Jazz si offisielle målform er nynorsk.

Vossa Jazz jobbar aktivt for godt miljø.

Voss 14. mai 2018


  
Kathrine Løno Lahlum  
Styrelseleiar

  
Are Mossefinn Sandvik  
Styremedlem

  
Trude Storheim  
Dagleg leiar

  
Hilde Magnusson  
Styremedlem

  
Magne Kalstad  
Styremedlem

  
Mads A. Indrehus  
Styremedlem